

Årsmøteprotokoll

Quality Hotel Vøringfoss, Eidfjord, 1.april 2022, kl.16.00.

Leiar Odd Gunnar Vikan, Nore og Uvdal, opna møtet.

Sak 1. Val av ordstyrar og skrivar

Torgils Eide, Ullensvang, vald som ordstyrar.

Nils Bjørn Vistad (sekr) vald som skrivar.

Sak 2. Godkjenning av innkalling, sakliste og fullmakter

Ingen merknad til innkalling og sakliste. Ingen fullmakter.

Sak 3. Opprop

Opprop ved sekretær. Det deltok 10 personar i møtet.

Sak 4. Årsmelding for 2021

Årsmeldinga vart gjennomgått ved sekretær. Ingen særskilte merknader. Årsmeldinga samrøystes godkjend.

Sak 5. Rekneskap

Gjennomgang ved sekretær. Nokre kommentarer i høve uteståande kontingentar. Respektive styremedlemmer purrar i eigne kommunar. Rekneskapet var revidert og funne i orden av revisor. Rekneskapen samrøystes godkjend.

Sak 6. Godtgjersle til tillitsvalde

Årsmøtet vedtok samrøystes vidareføring av satsene frå i fjor: Kr.1.000 pr. møtedag, og godtgjering til leiar kr.30.000 (utan daggodtgjering for møter).

HG har eigen rekneskapsføring (Uvdal Rekneskapskontor).

Sak 7. Medlemskontingent for 2022

Styret gjorde framlegg om uendra satser. Samrøystes vedtak om vidareføring av dagens praksis: Grunnbeløp kr.200 + kr.60,- pr. km² (1000 dekar). Godkjend av møtet.

Sak 8. Budsjett for 2022

Sekretær gjekk gjennom framlegg til budsjett,- med samla ramme på kr.230.000.

Budsjettet samrøystes godkjend.

Sak 9. Arbeidsplan

Leiar gjekk gjennom styret sitt framlegg til arbeidsplan, som i all hovudsak fylgjer tidlegare oppsett. Arbeidsplanen vart samrøystes godkjent.

Sak 10. Innkomne saker

Der var ingen innkomne saker frå medlemmene, men styremedlem Johan Vaa orienterte om to saker:

- HG sin reaksjon på ferdselsrapporten frå juni 2021. Her var det m.a. radikale framlegg om elektronisk overvaking av motorisert ferdsle. HG har i brev protestert på m.a. dette.

- Johan kommenterte og det nyss starta arbeidet med justert samansetjing av Villreinutvalet, delvis grunna kommunefusjonen i Hardanger og delvis grunna at andelen privat areal er større enn fordelinga i utvalet i dag. Det private arealet representerer 70 % av vidda og 60% i høve innmeldt areal. HG meiner dette tilseier 5 medlemmer frå samskipnaden og 3 medlemmer frå FH. Saka krev meir handsaming.

Sak 11. Orientering ved leiar

- Odd Gunnar starta med orientering frå fyrste «dialogmøte» med myndigheitane. Prøvetaking skal primært skje som del av ordinær jakt, men Mattilsynet presser på for fleire prøver gjennom ekstraordinære uttak. Det blir nytt møte over påske.
- Revisjon av sti- og løypeplan er eit anna større, pågåande offentleg arbeid. Her er ein m.a. avhengig av resultatet av «ny forvaltingsplan».
- HG deltok i møte med landbruksministeren før nyttår. Det er semje om satsing på jaktuttak og ikkje statleg uttak. Eventuell erstatning for reduksjon av stamma og tilhøyrande økonomisk næringstap (slik det er for husdyrhaldet), krev dokumentasjon på vesentleg tap av skattbar inntekt for å bli vurdert.

Sak 13. Val

Ansvarleg valnemndmedlem, Per Helge Sekse, hadde i god tid informert om valkomiteens innstilling. Sekr. refererte innstillinga.

Alle val vart samrøystes. Valresultatet vart slik:

- Ullensvang	Torgils Eide (Harald Alvavoll)	Attval for 2 år
- Eidfjord	Hans G. Myklatun (Anders Vatle)	Nye, for 2 år
- Tinn	Gjermund Geirsta (Robert Pedersen)	Attval for 2 år
- Leiar:	Odd Gunnar Vikan	Attval for 1 år
- Nestleiar	Torgils Eide	Attval for 1 år
- Valnemndmedlem for Hardanger	Anve Myklatun (Per Helge Sekse)	For 3 år
- Fjelloppsynet	Torgils Eide (Stein Verpe)	Attval
- Revisorar	Mai Reidun Nørstebø og Ingebjørg Huseby Vøllø, begge Uvdal	Nye

Hildegun Espe meinte HG måtte ha større fokus på det faktum at grunneigerane på vidda fekk stadig tilstramming/skjerping på sine gamle bruksrettar.

Anve K. Myklatun vart avsluttingsvis av leiar takka av for 21 år teneste i styret, og fekk ein gravert kniv for innsatsen sin.

Nils Bjørn Vistad, skrivar